



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 29.05.2015

Vår ref.: 2014/24561-7

Saksbehandlar: solrong

Dykkar ref.: «REF»

Bevaringsprogrammet for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2015 - Austrheim kommune og Radøy kommune - Prosjekt Fosnstraumen. Tildeling av tilskot 2015

Me viser til Dykkar søknad av 11.12.2014 og vårt mellombels svar av 17.12.2014 med stadfesting av motteken søknad.

Hordaland fylkeskommune har søkt Riksantikvaren om støtte til tiltak på vegne av kommunar og andre. Riksantikvaren gir tilskot til prosjekt Fosnstraumen på kr. **110.000,-** av midlar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 70 - BARK og BERG.

Tilskotet skal nyttast til tiltak for tilrettelegging og skjøtsel av Fosnstraumen steinaldersti, i tråd med innsendt søknad av 11.12.2014. Me viser òg til punkt om skjøtselsplan og godkjenning av arbeid.

Tidsavgrensing.

Tilsegsna er gitt for inneverande år, og kan overførast til neste år etter søknad. Tilsegsna fell bort etter to år. Det må søkjast spesielt om overføring av tilskotet til neste år.

Arbeidsgjevaransvar

Søkjar må sjølv stå som arbeidsgjevar for eventuell innleigd arbeidskraft. Rekningar skal adresserast til søker, som må forsottera utbetalinga.

Skjøtselsplan og godkjenning av arbeid

For alle tiltak skal det leggja føre godkjent skjøtselsplan, eller vera skjøtselsplan under utarbeiding som del av prosjektet. Dersom det ikkje legg føre godkjent skjøtselsplan når arbeidet tar til må tiltak vera godkjent av Hordaland fylkeskommune før oppstart. Fylkeskommunen avklarar kor vidt tiltak må godkjennast av Riksantikvaren.

Tilskotsreglementet

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer me merksam på at Hordaland fylkeskommune har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert brukt etter føresetnadene.

Vilkår for utbetaling av tilskot, rapportering og rekneskap

Tilskotet kan utbetalast etter kvart som tiltaka er utført, og rapport og rekneskap saman med førespurnad om utbetaling er sendt fylkeskommunen. Fylkeskommunen vidaresender dette til Riksantikvaren. Mottakar må samstundes dokumentera at anna finansiering er i orden i høve til finansieringsplanen. Ved endringar i finansieringsplanen må fylkeskommunen varslast med ein gong.

Krav om utbetaling av tilskot, rapport og rekneskap må vera fylkeskommunen i hende seinast 15. oktober 2015. Det må søkjast om eventuell overføring av unytta tilskot innan same frist.

Det skal leverast sluttrapport og sluttrekneskap for prosjektet, med skildring og illustrasjon av utførte tiltak og resultat. Anna finansiering skal visas i rekneskapet. Me ber om at eit utval digitale foto frå utførte prosjekt føl rapporten.

Tilbakebetaling

Me tar etterhald om at tilskotet kan verte kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysningar. Dette gjeld òg dersom kostnadene syner seg å verte vesentleg lågare enn budsjettet i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føresett.

Retningslinjer frå Riksantikvaren

Me legg ved retningslinjene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget vert akseptert. Me ber om skriftleg tilbakemelding på aksept av vilkår for tilskot innan 4 veker frå dette brevet vert motteke.

Me legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga. Vedtaket kan pålagast til fylkeskommunen, jf. forvaltningsloven § 28. Ei eventuell klage skal stila til Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

- Retningslinjer og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429, post 70.
- Aksept for vilkår av tilskot